



Karneval i Vonheim 2008. Laurdag går årets karneval av stabelen! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er ikkje berre i Rio det er karnevalsstemning på denne tida av året. Laurdag ettermiddag frå klokka 14 til 16 er lokalet Vonheim også ope for karnevalsløyer. No er det andre året på rad at nokre driftige damer steller til karneval der og dermed må vi vel kalla det ein tradisjon!



Blå fe under karnevalet i Vonheim 2008. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det har vore påmelding på førehand og inntil fredag føremiddag var 21 ungar påmeldte.

- Vonheim er ikke så stort, men vi har ikke sagt stopp. Det er litt ledig plass og andre som gjerne vil komme kananten melder seg til meg eller til Anne Grethe Sjo, seier Ingunn Myklebust til uskedalen.no. Anne Grethe har nummer 917 53311 og Ingunn 915 15185.

- Kvifor karneval i Uskedalen, Ingunn?
- Rett og slett fordi ungane skal ha ei kjekk oppleving.

- Blir det noko form for premiering for finaste eller artigste kostyme?
- Nei, det har vi ikke lagt opp til, men det blir pinjata i poser oppunder taket og rikeleg med servering av boller ogkaker.

Av Ola Matti Mathisen